



Statoil

Dato: 16.02.2015  
Vår ref.: 2014/21388-8  
Saksbehandlar: talhals  
Dykkar ref.:

## **Eksportløyising for olje og gass frå Johan Sverdrup feltet. Fråsegn Hordaland fylkeskommune**

Fylkesutvalet i Hordaland fylkeskommune handsama på møte 29. januar d.å. konsekvensutgreiing for eksportløyising for olje og gass frå Johan Sverdrup feltet. Fylkeskommunen sende administrativ fråsegn om konsekvensutgreiinga 23. desember 2014. Fylkesutvalet tok fråsegna til orientering. Vedlagde saksframlegg og protokoll til dykkar orientering.

Gudrun Mathisen  
Klima- og naturressurssjef

Tale Halsør  
rådgjevar

*Brevet er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

Kopi til:  
Olje- og energidepartementet

Arkivnr: 2014/21388-6

Saksbehandlar: Tale Halsør

## Saksframlegg

### Saksgang

Utval	Saknr.	Møtedato
Kultur- og ressursutvalet	9/15	22.01.2015
Fylkesutvalet	23/15	29.01.2015

## Eksportløsning for olje og gass frå Johan Sverdrup feltet. Fråsegn Hordaland fylkeskommune

### Samandrag

Konsekvensutgreiing for eksportløysinga for olje og gass frå Johan Sverdrup feltet har vore på høyring med frist 23. desember. Hordaland fylkeskommune har gjeve administrativ fråsegn innan fristen.

I utgangspunktet var ilandføring for olje på Sture og Mongstad vurdert, og ulike trasealternativ. I forkant av høyringa er det konkludert med at ilandføring på Mongstad med eitt gjeve trasealternativ er det mest aktuelle. Høyringa vurderer konsekvensane for ulike interesser ved det gjevne trasealternativet.

Utbygginga slik den er skissert i konsekvensutgreiinga er vurdert å ha lågt konfliktpotensial mot regionale interesser.

### Forslag til innstilling

1. Fylkesutvalet tek konsekvensutgreiing og fråsegn til orientering

### Saksprotokoll i Kultur- og ressursutvalet - 22.01.2015

Fylkesrådmannen sitt forslag vart vedteke mot 1 røyst (MDG – Tomren).

### Innstilling

1. Fylkesutvalet tek konsekvensutgreiing og fråsegn til orientering

### Saksprotokoll i fylkesutvalet - 29.01.2015

Innstillinga vart samrøystes vedteken.

**Vedtak**

Fylkesutvalet tek konsekvensutgreiing og fråsegn til orientering.

Rune Haugsdal  
fylkesrådmann

Bård Sandal  
fylkesdirektør regional utvikling

*Saksframlegget er godkjent elektronisk og har derfor inga underskrift.*

**Fylkesrådmannen, 19.12.2014****Bakgrunn**

Statoil skal på vegne av partar i Johan Sverdrup-lisensane planleggja, utgreia, etablere og søkja om eksportløysingar for olje og gass frå Johan Sverdrup-feltet. Frå feltet er det planlagt ei oljerørledning til Mongstad i Austrheim og Lindås kommunar og ei gassrørledning til Kårstø i Rogaland. Det ligg no føre konsekvensutgreiing for eksportløysingane, som er på høyring fram til 23. desember 2014.

Utbygginga utgreiast i tre parallelle prosessar: éin for feltutbygging, éin for eksportløysingane frå feltet og éin for kraftforsyning til feltet. Sidan ilandføring til Mongstad er del av løysinga for eksporten frå feltet, er denne høyringa særleg relevant for Hordaland fylke, då den vil få konsekvensar for regionale interesser.

Høyring av konsekvensutgreiinga er siste ledd i prosessen før innsending av Plan for anlegg og drift til godkjenning i Stortinget (jf. tabell under henta frå høyringsdokument). Oppsummering av innkomne fråsegner til konsekvensutgreiinga vil vere vedlegg til saksutgreiing og stortingsproposisjon som OED vil fremme for Stortinget.

Beskrivelse	Tidsplan
Forslag til program for KU (oljeeksport) oversendes til relevante myndigheter og høringsinstanser	<b>mai 2012</b>
Offentlig høring av forslag til program for KU (oljeeksport)	mai 2012-juni 2012
Behandling og sammenstilling av høringsuttalelser	juli 2012-september 2012
Departementets godkjenning av program for KU (oljeeksport)	oktober 2012
PAD - Del 2 KU (olje og gasseksport) sendes på offentlig høring til relevante myndigheter og høringsinstanser	<b>september 2014</b>
Kunngjøring i Norsk Lysingsblad	september 2014
<b>Offentlig høring KU</b>	<b>september 2014-desember 2014</b>
Innsending av PAD, Del 1 - Teknisk og økonomisk plan	februar 2015
<b>Antatt godkjenning i Stortinget</b>	<b>vårsesjonen 2015</b>

Det har vore ulike trasear for oljeeksport til vurdering tidlegare i prosessen, med hovudskilnad ilandføring på Sture eller Mongstad. Etter vurderingar i løpet av prosessen står kun alternativet med Mongstad som ilandføringspunkt att. Vidare er trasealternativa redusert til eitt. Konsekvensutgreiinga skildrar nokre av dei ulike alternativa på ulike delar av traseen, men kun dette endelege alternativet er fullstendig skildra med konsekvensar.

**Vurdering****Kulturminne**

Konsekvensutgreiinga er tydeleg og gjer godt greie for kulturminne og kulturmiljø. Det er fleire SEFRAK-registrerte bygningar i planområdet. Det er også kjent nokre automatisk freda kulturminne i tiltaksområde 2a (Askeladden id. 90846) og aust for tiltaksområde 2c (Askeladden id. 90856, 90858 og 90859). I haust gjennomførte Hordaland fylkeskommune arkeologiske registreringar i ein 40 meter brei korridor langs oljerørledning rute A og rute B, samt fem ulike tiltaksområde: 1, 2b, 2c, 3 og 4. Det blei gjort funn av eitt nytt automatisk freda kulturminne i tiltaksområde 2c, ein steinalderbuplass (Askeladden id. 178933), jf. vår fråsegn til oppstart av planarbeid og høyring av forslag til planprogram av 14.11.2014. I fråsegna ba vi også om at tiltakshavar tek kontakt med Hordaland fylkeskommune v/Kultur- og idrettsavdelinga angående drøfting av løysingar for automatisk freda kulturminne i den vidare planprosessen.

**Havbruk**

I området er det i dag éin lokalitet for havbruk. I lokalitetsklareringa for anlegget står følgjande:

Austrheim kommune har gjeve dispensasjon frå arealplanen for 6 fortøyningar med ankerfeste med vilkår om at desse ikkje må koma i strid med planane for ilandføring av Johan Sverdrup oljeleidning til Mongstad. Det ligg fortøyningar i det same område frå det eksisterande anlegget på lokaliteten. Omsøkt tiltak vil soleis ikkje vera bruk av nytt areal, men endra plassering av fortøyningar og ankerfeste. Vilkåret frå Austrheim kommune er ivareteke ved at det er avhalde dialogmøte mellom oppdrettsverksemda, Statoil, Austrheim kommune og Hordaland fylkeskommune. Planlagd trase for oljeleidningen vil truleg gå under nokre av fortøyningane frå oppdrettsanlegget. Partane var samde om at dei skal halde god dialog vidare inn mot anleggsarbeidet for oljeleidningen. På den måten kan Statoil planleggje legginga av oljeleidningen i eit tidsrom kor oppdrettsanlegget er tomt for fisk.

### **Landskap**

Landskapet i Austrheim er flatt og relativt ope med mykje strandsone. Inngrep blir derfor lett synlege. Det må vera eit mål å minimalisera dei fysiske inngrepa.

Tiltaket kjem i område med middels verdiar, men tiltaket er ikkje venta å få store konsekvensar på sikt når tilbakeføringa er fullført. Røyret vil i stor grad gå i myr eller tunnel, og dimed vil såra i landskapet i stor grad gro att eller ikkje vere synlege.

Den store mengda tunnelmassar vil vere ei utfordring i eit ope landskap. Alternativ bruk av tunnelmassar bør vurderast framfor tippar i terrenget, både av omsyn til landskap og for å redusere utslepp frå transport av massar. Bruk av tunnelmassane lokalt bør undersøkjast og ein bør legge ein plan for dette som del av detaljplanlegginga.

### **Friluftsliv**

Planområdet ligg innafor og nært til fleire regionale friluftsområde. Strandsona i Hoplandsosen er verdsett som «viktig», Fosnstraumen er verdsett til «svært viktig» og marka til Hoplandskvernene til «viktig». Dette må takast omsyn til.

Innslaget ved Førlandsvatnet har konfliktpotensiale når det gjeld landskap, fisk og friluftsliv. Vatnet og området har lokal verdi som rekreasjonsområde (fiske og turgåing). Det må takast omsyn til desse verdiane, og dei fysiske inngrepa må vera minst moglege.

### **Næring**

Ilandføringa vil vere med å sikre drift og aktivitet ved råoljeterminalen i mange tiår og vil vere med gje betre rammer for vidareføring og utvikling av raffineriet på Mongstad.

Den totale sysselsettingseffekten for den landbaserte delen av røyrleggingsarbeidet er vurdert til totalt 200 årsverk over 4 år med ein topp på 10 årsverk i 2018. Det meste av dette vil nok vere tilknytta hovedentreprenøren(e) og underleverandørar som truleg vil vere større nasjonale og internasjonale aktørar. Dei lokale og regionale effektane av sjølve røyrleggingsarbeidet er difor venta å vere beskjedne.

### **Konklusjon**

Hordaland fylkeskommune har ingen vesentlege merknader til konsekvensutgreiinga, men ber om at ein minimaliserer dei varige, fysiske inngrepa av omsyn til natur, landskap og friluftsliv.